

# **Referat frå FAU-møte 15.01.25 på Bryne ungdomsskule**

Desse møtte:

Anne Grethe Hustoft Flataukan

Ann Synnøve Abeland

Hanne Kristiansen

Janne Høiland Berge

Iselin Gjære Lothe

Meldt forfall:

Tone Skrudland

Anne Lovise Skailand

Siv Adele Johannesen (vara)

## **Sak 1: Info frå skulen**

- Skulen har starta overføringsarbeidet for neste års 8.trinn. Krinsgrensene blir avgjort 19.februar, BUS får 103 eller 121 elevar på 8.trinn, alt etter utfallet av saka.
- Elevrådet jobbar med førebuing av vinterball.
- Minner om foreldremøte for 8.trinn onsdag 22.januar med Sterk & klar.

## **Sak 2: Elevundersøkinga**

Det er ikkje betydelege endringar på nokre av indikatorane hverken i forhold til nasjonalt snitt eller i forhold til tidlegare år. Elevane seier at dei trivst godt, dei får god støtte frå lærar og heime, men motivasjonen går ned dess eldre elevane blir.

Skulen er bekymra for høge mobbetal på 8. og 10.trinn. Trinna gjer eigne kartleggingar for å undersøka dette nærmare. Skulen ligg rundt nasjonalt snitt på dei to trinna, og det er eit generelt samfunnsproblem. På 9.trinn har mobbinga blitt halvert sidan elevundersøkinga i fjar, noko som tyder på at tiltak som er sett inn har hatt god effekt. Skulen skal gjennomføra Olweusundersøkinga i februar/mars, den gir enno meir informasjon om mobbing.

## **Sak 3: Foreldrestyrte elevkveldar**

Foreldrekontaktane har ansvar for at det kvart halvår vert arrangert ein elevkveld for klassane. Hensikta er å styrke klassemiljøet gjennom felles opplevingar. Elevrådet har

undersøkt i klassane kva som kan vere årsakene til at ikkje alle møter opp på elevkveldane, og fått innspel til kva innhald elevane ønsker. Svara dei fekk var at nokre ikkje gidd å gå, nokre har trening eller kamp som dei prioriterer over dette. Dei hadde vore meir motivert til å koma dersom dei fekk avspasera. 10.trinn meiner at dei ikkje har hatt elevkveld nokon år, og ville gjerne ha hatt det. Dei håper dei kan få ein elevkveld i løpet av vårhalvåret. Forslag til innhald var å vera heime hos folk, ha noko å eta, variert opplegg, golf, FIFA-turnering, bading ute eller i bassenget på skulen, grilling, spela volleyball, m.m.

FAU lyttar til elevane sine innspel og støtter at ordninga med foreldrestyrte elevkveldar blir vidareført. Dei ønsker ikkje at elevane skal avspasera desse, dei er tydelege på at det er forventa at ein deltek på sosiale arrangement både på skulen og i arbeidslivet. Det er lurt å sjekke kor tid elevane har treningar og kampar og prøva å unngå at det kolliderer. Det er ikkje foreldrekontaktane åleine som skal arrangera dette, men dei har naturleg nok ei sentral rolle i å planlegga og organisera det, andre foreldre må bidra med oppgåver. Rektor sender ut informasjon til foreldrekontaktane på 10.trinn om at det er ønska av elevane å få ein sosial kveld før dei sluttar på ungdomsskulen.

#### **Sak 4: Eventuelt**

- FAU såg over forslaget til lista for ansvarsfordeling som vart laga sist, og hadde ingen innvendingar. Foreldrekontaktane prøver å få fylt ut lista på første foreldremøte om hausten.

Referent: Iselin Gjære Lothe